



Hordasmia Holding AS
5916 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/7534 - 20/16156

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

24.03.2020

Etterlyser årsrapport oljeutskiljar driftsår 2019 - GBNR 137/55 Hordasmia, Isdalstø

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning etterlyser årsrapport for oljeutskiljarn ved Gbnr 137/55 Isdalstøbakken 22 (Hordasmia).

Årsrapport skulle ha vore sendt inn til kommunen seinast 01.02.2020. Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon for Dykkar anlegg.

Årsrapport skal innehalde følgjande dokumentasjon:

- Tømmerapport som viser mengde olje som er tømt
- Analyse av utsleppsvatn som viser at anlegg stettar krav oljeinnhald i utsleppsvatn (som i forureiningsforskrifta § 15-7 og i enkeltvedtak er satt til maks 50 mg/l).
- Driftsjournal/internkontroll som viser at anlegg er kontrollert og vedlikehalde.

Vi ber om at denne dokumentasjonen vert sendt inn til kommunen snarast og seinast innan **03.04.2020**.

Alver kommune skal føre kontroll med anlegg som har utslepp av oljehaldig avløpsvatn.

Kommunen ser at det er eit behov for å nytte forureiningslova § 73. Denne lova opner for at kommunen kan illegge tvangsmulkt. Vi gjer merksam på at størrelse på tvangsmulkta kan være høg då føremål ved mulkten er å gje ei økonomisk motivasjon til å stette kommunen sine krav.

Førehandsvarsel om tvangsmulkt:

Tvangsmulkt etter forureiningsforskrifta § 73 (tvangsmulkt ved forhold i strid med loven). For å sikre at fastsettingar i denne loven eller vedtak fatta med heimel i denne loven vert gjennomført, kan forureiningsmynde fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m832/m832.pdf>.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Heimel

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav til utskiljaranlegg. Føremål med krava er å sikre at olje vert skilt ut frå avløpsvatnet før avløpsvatnet vert ført ut på nett.

Klageadgang

Enkeltvedtak som er fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» følgjer privatrettslege reglar. Kommunen nyttar sin private råderett over eget vass- og avløpsnett. Enkeltvedtak fatta med heimel i dette regelverket anses ikkje som utøving av offentleg mynde og ein har difor ikkje formell klageadgang på vedtaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordasmia Holding AS

5916

ISDALSTØ